Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste til nr. 36.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lindås

Emne: Måtar å refse folk på.

Bygdelag:

Oppskr. av: A. Spjeldnæs

Gard:

(adresse): Lindås.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måter å refse folk på.

A. Ved forskjellige anledninger.

Om grannen ikkje gjorde arbeidet sitt skapleg eller vanleg vis, så kunne ein nok på ein eller annan måte gjera han merksam på dette ved å herma etter han, ~~og~~ eller hava mor, eller spa etter hans vis og gjera arbeidet på. Men noko tradisjonelt i så måte var her ikkje.

1. Var folk seine når dei skulle gjera arbeidet sitt, anten når dei slo eller når dei skar korn, slo dei gjerne, eller skar omkring dei i åkeren. Me sa då at ~~dei~~ (slike) vart slegne eller „skårne på holme".

2. Om dette veit eg ikkje noko her frå bygda.

3. Til dette spørsmålet kan eg berre svara at noko liknande kjenner eg ikkje til i vår bygd.

B. Ved å setja navn på folk.

5. Dei som ikkje fekk noko nytt til jula skulle "liggja med kløkkaren."

6. Om nokon forsömde sit tradisjonelt arbeid vart han gjerne kalla for ein „raring" eller „einståing".

8883